

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.12.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/21	Utval for næringsutvikling og drift	06.01.2021

Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Botnakraft AS – Prosjekt Botnakraft AS covid-19 søknad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Botnakraft AS covid-19 søknad» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

Utval for næringsutvikling og drift 06.01.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 007/21 Vedtak:

Prosjektet «Botnakraft AS covid-19 søknad» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Registrert 06.11.2018. Bransje: 35.140 Handel med elektrisitet. Kjelde: proff.no.

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Søklar opplyser at ein ynskjer å ruste opp eksisterande småkraftverk i Nipo. Anlegga vart kjøpt tilbake av grunneigar i 2018. Det vart utført ein del utbetningsarbeid i 2019 og 2020, men står att sikrings- og opprustingsarbeid med røyrgate-traseen og to av turbinane.

Prosjektleveranse/Målsetting

Straumprisane har gått noko ned i 2020 som følge av Covid 19. Det vert elles vist til søknaden. Målsetting er å få opp årsproduksjonen til historisk nivå for anlegga, mellom 3 og 4 GWh/år.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Botnakraft AS covid-19 søknad	140000	70000	0

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i vilkåra for Covid19-fondet.

- Føretaket viser mindre til svikt i omsetning under koronapandemien, jf. vilkår for C19-fondet.
- Prosjektet gir ikkje auka aktivitet/sysselsetting i Alver. (Forskr. §2a)
- Prosjektet inneheld mindre tiltak som kan motverke negative C19-verknader (Forskr. §2b).
- Prosjektet kan kome raskt i gang (Forskr. §2c).

Etter ei samla vurdering ligg ein større del av det omsøkte prosjektet utanfor Covid19-fondet sine kriteriar.

Vedlegg i saken:

14.12.2020 Botnakraft_soknad_C10_10des 2020

1488197